



## Melding om vedtak

**LVK**  
Postboks 1148 Sentrum  
0104 OSLO

**Vår ref:** 2011/300-8      **Sakshandsamar:** Tallak Hoslemo, 37938500      **Arkivkode:** 232      **Dato:** 05.07.2011

### **Høyringsuttale - Minimums og maksimumsverdiane for egedomsskatt på kraftanlegg.**

#### **Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret i Bykle meiner at reglane om minimums- og maksimumsverdiar i egedomsskattelova § 8, fjerde ledd må fjernast. Samstundes bør kapitaliseringsrenta tilpassast marknaden for kraftsektoren.

Kommunestyret sin uttale byggjer i hovudsak på følgjande forhold:

- Egedomsskattelova sin intensjon og nedfelte takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige minimums- og maksimumsverdiar som både gjev ein ukorrekt takst og har ueheldige biverknader.
- Vasskraftanlegg bør likestillast med andre store utbyggingar innan olje og gass.
- Ordninga i dag hindrar vertskommunane i å få sin rettmessige del av ei framtidig auka verdiskaping.
- Kommunane vil ha auka skepsis til eventuelle nye utbyggingar dersom dagens ordning vert oppretthalde.
- Egedomsskattelova sine maksimums- og minimumsverdiar skal ikkje nyttast som ei fordelingsordning mellom kommunane.
- Egedomsskatteordninga skal framleis vere ein rein kommunal friviljug skatteart utan føringar på maksimums- og minimumsverdiar.

Justeringa av kapitaliseringsrenta bør skje i kombinasjon med fjerning av maksimums – og minimumsverdiane.

Det er avgjerande at tilpassing (oppjustering) av kapitaliseringsrenta skjer i kombinasjon med fjerning av maksimums- og minimumsverdiane for å få ei egedomstaksering som samsvarar med intensjonen i egedomsskattelova.

#### **Saksprotokoll i Formannskapet - 28.06.2011**

##### **Behandling:**

Saka vart drøfta

Olav Mosdøl sa seg ugild i saka som tilsett i Otra Kraft AS.

##### **Vedtak:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

**Saksprotokoll i Kommunestyre - 30.06.2011**

**Behandling:**

Saka vart drøfta

Olav Mosdøl sa seg ugild i saka som tilsett i Otra Kraft AS.

**Vedtak:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Med helsing



Tallak Hoslemo  
Rådmann

Arkiv: 232  
Saksmappe: 2011/300-5  
Sakshandsamar: Tallak Hoslemo  
Dato: 16.06.2011

## *Saksframlegg*

### *Bykle kommune*

Saksnr.	Utval	Møtedato
56/11	Formannskapet	28.06.2011
78/11	Kommunestyre	30.06.2011

### **Høyringsuttale - Minimums og maksimumsverdiane for eigedomsskatt på kraftanlegg.**

#### **Rådmannen si tilråding:**

Kommunestyret i Bykle meiner at reglane om minimums- og maksimumsverdiar i eigedomsskattelova § 8, fjerde ledd må fjernast. Samstundes bør kapitaliseringsrenta tilpassast marknaden for kraftsektoren.

Kommunestyret sin uttale byggjer i hovudsak på følgjande forhold:

- Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelte takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige minimums- og maksimumsverdiar som både gjev ein ukorrekt takst og har uheldige biverknader.
- Vasskraftanlegg bør likestillast med andre store utbyggingar innan olje og gass.
- Ordninga i dag hindrar vertskommunane i å få sin rettmessige del av ei framtidig auka verdiskaping.
- Kommunane vil ha auka skepsis til eventuelle nye utbyggingar dersom dagens ordning vert oppretthalde.
- Eigedomsskattelova sine maksimums- og minimumsverdiar skal ikkje nyttast som ei fordelingsordning mellom kommunane.
- Eigedomsskattesordninga skal framleis vere ein rein kommunal friviljug skatteart utan føringar på maksimums- og minimumsverdiar.

Justeringa av kapitaliseringsrenta bør skje i kombinasjon med fjerning av maksimums – og minimumsverdiane.

Det er avgjerande at tilpassing (oppjustering) av kapitaliseringsrenta skjer i kombinasjon med fjerning av maksimums- og minimumsverdiane for å få ei eigedomstaksering som samsvarar med intensjonen i eigedomsskattelova.

#### **Saksprotokoll i Formannskapet - 28.06.2011**

##### **Behandling:**

Saka vart drøfta

Olav Mosdøl sa seg ugild i saka som tilsett i Otra Kraft AS.

##### **Vedtak:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

Postadresse: 4754 Bykle	Telefon: 37 93 85 00 Telefaks: 37 93 85 01 Epost: postmottak@bykle.kommune.no	Bankgiro: 2835 20 00266 Skatt: 7855 05 09414 Org.nr: 958 814 968
----------------------------	---	--

## **Saksprotokoll i Kommunestyre - 30.06.2011**

### **Behandling:**

Saka vart drøfta

Olav Mosdøl sa seg ugild i saka som tilsett i Otra Kraft AS.

### **Vedtak:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteke

## **SAKSUTGREIING**

### **Bakgrunn for saka**

Rådmannen viser til Finansdepartementet sitt høyringsnotat av 15.04.11 der det vert varsle endringar i maksimums- og minimumsreglane.

Høyringa vart også varsle i Statsbudsjettet for 2011.

Framlegget til Finansdepartementet som no er ute på høyring tek i hovudsak for seg to forhold:

1. Maksimums- og minimumsreglane for eigedomsskatt på kraftanlegg vert ikkje oppheva. Dette vert grunngjeve med at det vil føre til store fordelingsmessige og inntektsmessige verknader for staten, kraftverkseigarar, produsentar og vertskommunane. Departementet har også fokus på at det er eit fåtal av kommunane (10) stk som vil få ein merkbar auke i inntektene.

Departementet meiner også at framtidige investeringar innan kraftsektoren vil verte mindre interessante/redusera dersom maksimumsregelen vert fjerna.

Som eit alternativ til å fjerne minimums- og maksimumsreglane føreslår departementet å indeksregulere desse.

2. Diskonterings-/kapitaliseringsrenta vert føreslege auka vesentleg for å avspegle ein meir reell risiko ved investeringar i kraftanlegg.

### **Formelt grunnlag**

Kommunestyret gjev uttale i saka.

### **Vurderingar og konsekvensar**

Reglane for berekning av eigedomsskatt på kraftanlegg vart endra med verknad frå 2001. Då dei nye reglane skulle tre i kraft i 2001 så viste det seg at mange kommunar ville få eit utilsikta skattetap som følgje av endringa.

Som ei avbøting for dette utilsikta tapet vart det innført minimumsverdiar i samband med verdsettinga. Motstykket til minimumsverdiane vart innføring av maksimumsverdiar. Frå år 2003 har minimumsverdien vore på 0,95 kr/kwh og maksimumsverdien på 2,35 kr/kwh.

Ei sterk auke i kraftprisane dei siste åra medfører at om lag 90% av alle kraftanlegg i landet har reelle marknadsverdiar som er over maksimumsverdien. Knapt 5% er under minimumsverdien. Det har ikkje vore endringar i maksimumsverdien sidan 2003.

Denne ”frysinga” av takstverdiar har ført til ein realnedgang i inntektene til kommunane. For Bykle sitt vedkomande er realverdiane i samla skatte- og avgiftsinngang frå kraftverk etter

noverande regelsett berekna til det samme beløpet i 2014 som det var i 2005. Med ein gjennomsnittleg pris- og lønsauke på 3 % så utgjer dette ei realnedgang på ca kr. 35 mill. pr. år.

Dette står i sterk kontrast til dei lovnader som låg til grunn i samband med fleire vedtak opp igjennom tidene om utbyggingar som har medført nedemmingar av bygder, grendelag og store fjellområder i kommunen vår.

Kravet om å få ein rettmessig del av framtidig auke i den verdiskapinga som skjer i kommunen vår er derfor eit legitimt krav.

Rådmannen meiner at framlegget om å oppretthalde minimums- og maksimumsverdiane bryt med skattepolitiske prinsipp. Eigedomsskattelova sin intensjon og nedfelte takseringsprinsipp skal ikkje påverkast av kunstige minimums- og maksimumsreglar som gjev ukorrekte takstar med påfølgjande uheldige biverknader.

Det er overordna myndigheter sitt ansvar at skattesystemet er robust, handsamar skatteytarane likt, og byggjer på sunne skatteøkonomiske prinsipp. Ordninga med minimums- og maksimumsreglane er ei særordning for dei store vasskraftprodusentane som vart innført under unntaksprega forbiggåande tilhøve i kraftmarknaden etter dereguleringa. Denne ordninga var aldri meint å vare evig.

At det er nokre få kommunar med lågt folketal, heri Bykle, som mottek høgare inntekter pr. innbyggjar enn andre kommunar, er ikkje eit argument for å gjeve skattelette til ei av dei mest lønsame næringane i landet.

I tabell 1 og 2 i vedlegget til høyringsnotatet samanliknast eit utval av kommunar sine frie inntekter inkl. eigedomsskatt og konsesjonskraft opp mot andre kommunar i landet. Utbyte, renter på ansvarlege lån og anna finansavkasting er døme på inntekter som fleire kommunar får betydelege inntekter frå. Desse inntektene går ikkje inn i inntektsutjamninga i inntektssystemet, og er ikkje teke med i tabellane. Samanlikninga i desse tabellane er derfor uinteressante.

Maksimums- og minimumsreglane gjeld bare på kraftanlegg. Kommunar med store olje- og gass installasjonar vil derfor ikkje få redusera eigedomsskatt som følgje av desse reglane. Tabellane i høyringsnotatet viser kun kommunar som får endringar i inntektene ved bortfall av maksimums- og minimumsreglane. Det viser ikkje kommunar som får høge eigedomsskattar på andre type anlegg.

Bykle kommune viser også til høyringsuttalen frå LVK.

Bykle 21.06.11

Tallak Hoslemo  
Rådmann

#### Vedlegg

- 1 Høring om eiendomsskatten for kraftverk
- 2 Høringsnotat om maksimums- og minimumsreglene i eiendomsskatten for kraftverk
- 3 Diskonteringsrenten mv. i beregningsgrunnlaget for eiendomsskatt på vannkraftverk
- 4 LVKS Høyringsuttale - minimums- og maksimumsverdiane for eigedomsskatt på kraftanlegga

#### Melding om vedtak sendast:

Postadresse: 4754 Bykle	Telefon: 37 93 85 00 Telefaks: 37 93 85 01 Epost: postmottak@bykle.kommune.no	Bankgiro: 2835 20 00266 Skatt: 7855 05 09414 Org.nr.: 958 814 968
----------------------------	---	---

Finansdepartementet, Postboks 8008 Dep 0030 Oslo  
LVK Postboks 1148 Sentrum 0104 Oslo

---

Postadresse:  
4754 Bykle

Telefon: 37 93 85 00  
Telefaks: 37 93 85 01  
Epost: [postmottak@bykle.kommune.no](mailto:postmottak@bykle.kommune.no)

Bankgiro: 2835 20 00266  
Skatt: 7855 05 09414  
Org.nr: 958 814 968